

## Årsmelding Hardanger paraglidar klubb 2010.

### **Styre**

Det vart halde 3 styremøte i 2010.

Årsmøte 2009 vart halde på Hardangerfjord Hotel 6 februar 2010.

Klubben har 76 betalande medlemmer per 31. des. 2010, der 63 har gyldige lisensar.

I tillegg er det 6 medlemmer som er på kurs, dvs at me har eit avvik på 7 som ikkje har gyldig lisens av medlemmene.

### **Arrangement**

Det vart arrangert Dimmelsviktreff 23-25 april. Bra oppmøte. Det var og arrangert treff med helikopterløft i Odda i samband med UFO. Dette vart kansellert pga dårleg vær. Om lag 25 påmelde.

Det var og planlagt SIV kurs i regi av HPGK i Eidfjord, men også dette vart kansellert pga dårleg vær.

Jubileumstreff og sikkerheitsseminar i Røldal 20 november. Bra oppmøte.

Ingen flyging pga sterk vind. Medlemmer fekk tilbod om å få pakka naudskjerm.

Faglig leder hadde foredrag om sikkerheit. Middag og bra stemning på kvelden.

### **Kurs**

Tre nybyrjarkurs gjennomført/starta i 2010. Inge H har hatt kurs, 5 stk gjennomførte. Olav K har ein kandidat på kurs. Johannes H har 5 elevar som starta kurs i desember 2010. To medlemmer gjennomførte SIV kurs i regi av OPK. Olav Kant deltok på instruktørseminar. Samt to opptrekkskurs gjennomført.

Ellers er sertifikatoversikt i HPGK slik pr 31.12.2010:

- PP2:	15
- PP3:	16
- PP4:	3
- PP5:	27
- SP2:	1
- SP3:	1
- SP4:	1
- SP5:	1
- PPG:	6
- Speedflying:	1
- Akrolisens:	1
- Opptrekkslisens:	16
- Tandemlisens:	10
- Hjelpeinstruktør:	6
- Instruktør:	6
- SIV Instruktør:	1

### **Konkurransar/Distanseflyging**

Fleire frå klubben har vore på forskjellige NC/Nordic konkurransar i 2010.

Ivar Sandstå sette ny fylkesrekord med ein tur på 87,4 km 20 juni 2010, frå Nosi.

John Herman Sørheim flydde nest lengst med 59,4 km, frå Nosi same dag.

Ivar vert premiært med pokal for lengst distansetur.

Elles vart det bestemt at det skulle premierast kven som har flydd flest antal turar i 2010, dette for å motivere medlemmer til å fly mest mulig. Vinnaren vart, ifølge loggboka, Guri S med 108 turar.

Øystein D kom på andre plass med 102 turar.

Elles har medlemmer reist på fleire utanlandsturar for å fly meir.

### **Anlegg**

Dugnadar gjennomført på:

- Start Byrkjeflot
- Landing Novle
- Start Kjosås
- Elles blei det laga nye nettsider til HPGK.

**Ulukker**

Ein rapport sendt inn frå klubbens medlemmer. Denne kom ikkje fram til FL pga svikt i rapporteringssystemet.

**Utstyr:**

Generelt bra status på kursutstyr i klubben med fleire nye investeringar dei siste åra. Ei ny vinga kjøpt i 2010. Elles blei det innført nytt system når det gjeld bruk av klubb tandem. No slepp ein å måtte betale for lån av tandem. Dette har resulteret i at tandemvinga er meir brukt. Klubben har fått nye klubbjakker som mange nytta høve til å kjøpa.

SFB 1.februar 2011.

Bjørnar Fykse  
HPGK